

Vedlegg til årsmeldinga for 2022
Rapport etter openheitslova

Bremnes Fryseri AS

Innhald

Openheitslova	Innleiing	4
	Om openheitslova og aktsemdsvurderingar	5
	Selskapsstyring	6
	Samarbeid for å nå måla	13
	Aktsemdsvurderingar – negative konsekvensar og risiko	14
	Tiltak og vidare oppfølging	17



59°37'34\"/>
05°15'02\"

Innleiing

Truverd er ein av Bremnes Seashore sine verdiar, og det er viktig for oss at vi opptrer truverdig i vår daglege drift og forretningsframferd. Systematisk arbeid for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i heile verdikjeda og tydelege forventningar til leverandørane våre, er viktige grep for å sikre at vi lever etter denne verdien.

Denne rapporten er vår første oversikt over aktsemdsvurderingar i Bremnes Seashore. Openheitslova har sett


aktsemdsvurderingar som metode på dagsorden. Bremnes Seashore legg lovkrava til grunn for vårt arbeid, men byggjer i tillegg systemet for å handtere Compliance-risiko også utanfor lova sitt verkeområde. Slik byggjer vi Compliance-kulturen i konsernet og hos våre leverandørar, fordi vi skal vere ein truverdig leverandør av kvalitetslaks til våre kundar.

Om openheitslova og aktsemdsvurderingar

Openheitslova blei sett i verk frå 1. juli 2022, og byggjer på OECD sine retningsliner for fleirnasjonale selskap og FN sine rettleiande prinsipp for næringslivet og menneskerettar.

Aktsemdsvurderingar er ein risikobasert og kontinuerleg prosess for å førebygge, avdekke, stanse og redusere brot på grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Selskap skal kartlegge og vurdere faktiske og potensielle negative konsekvensar for menneskerettane som verksemda enten har forårsaka eller bidratt til, eller som er direkte knytt til verksemdas forretningsverksemd og produkt.



Selskapsstyring

Bremnes Seashore-konsernet består av morselskapet Bremnes Seashore AS og dotterselskapa Seashore Land AS, Seashore Sjø AS, Seashore Industri AS, Seashore Shipping AS, Salmon Brands AS, Sjør AS og Myobiotec AS.

Denne rapporten er avgrensa til selskapa som utgjør Bremnes Seashore-konsernet. Rapporten er gjeldande og likelydande for alle selskap i konsernet, og gjeld frå openheitslova sin iverksettingsdato 1. juli 2022 til 31. desember 2022. Vi har likevel tatt med informasjon om arbeid våren 2023.


Selskapsstrukturen er per 30. juni 2023:

- **Bremnes Seashore AS** er morselskap i konsernet, med konsernleiing og stabs- og matrisefunksjonar, og har følgjande dotterselskap:
 - **Seashore Land AS** står for landbasert smolt- og postsmoltproduksjon
 - **Seashore Sjø AS** står for akvakulturproduksjon i sjø
 - **Seashore Industri AS** står for slakting, pakking og foredling av laks
 - **Seashore Shipping AS** har ansvar for innleige av brønnbåtar
 - **Salmon Brands AS** står for marknadsføring, sal og distribusjon av SALMA-produkt
 - **Sjør AS** sel, distribuerer og eksporterer heilfisk og foredla laks


- **Myobiotec AS** står for forskning og utvikling i konsernet. Selskapet er ikkje omfatta av openheitslova, og er vedteke fusjonert inn i Seashore Industri AS.
- **Kvednaneset Eigedom AS** eig fast eigedom i Strand kommune. Selskapet blei kjøpt i mai 2023, er ikkje omfatta av openheitslova og er vedteke fusjonert inn i Bremnes Seashore AS.

Salmon Brands har dotterselskap i Sverige og Frankrike. Sjør har dotterselskap i Kina.

Bremnes Seashore AS er i tillegg mindretalsaksjonær i fleire selskap, med 33,33 prosent av aksjane i Tytlandsvik Aqua AS, 16,67 prosent i AS Sævareid Fiskeanlegg, 7,98 prosent i Happy Prawns AS og 5 prosent i Tubilah AS.



Overordna organisering




590 personar var tilsett i konsernet ved årsskiftet til 2023. Hovuddelen av konsernets drift er i Noreg, med lakseproduksjon i fylka Rogaland og Vestland, slakteri og administrasjon i Bømlo kommune og salsavdelingar i Bergen og Oslo.

Konsernet har tilsette lokalisert i kommunane Bergen, Bømlo, Oslo, Sandnes, Stavanger, Strand, Sveio, Ullensvang og Vindafjord, og i tillegg i Sverige, Frankrike og Kina.

Bremnes Seashore er familieeigd, med Olav Svendsen som reell rettshavar. Ingen politisk eksponerte personar eller deira nære familiemedlemmer er knytt til styringa av konsernet.

Konsernstyret består av styreleiar Jan Sverre Røsstad, styremedlemmene Olav Svendsen, Laila Knarvik, Bjørn Willy Sæverud, Nils Viga, Bjørnar Michaelsen-Svendsen, Hans Petter Nesse og styremedlemmer for dei tilsette Jarle Jensen og Simen Birkelund. Vibece Sørvik og Eva Wefre er vararepresentantar for dei tilsette.



Etter ei større omorganisering i januar 2022 er Bremnes Seashore-konsernet organisert i dei tre kjerneverksemdene oppdrett, ressursstyring og industri, og marknad. I tillegg er det oppretta stabs- og matrisefunksjonar på konsernnivå.

Selskapet er leia av CEO Olav Svendsen, og konsernleiargruppa består i tillegg av CFO Bjarte Salomonsen, Group HR Manager Anne Marie Meling, Group Compliance Manager Silje Kathrine Alvsvåg, Group Technology & Sustainability Manager Laila Knarvik, Group Communication Officer Simon Nesse Økland, Group Farming Manager Jon Vikanes Buchvold, Group Processing Manager Geir Ivar Ådhanes og konstituert Group Commercial Manager Emil Rognstad Østenfor.

Etter omorganiseringa er leiargrupper og arbeidslag organisert etter kjerneverksemdar, uavhengig av selskapsorganisering. Dette har ført til tettare integrasjon av funksjonar på tvers av selskapa, og gir leiinga eit meir samla bilete av risikosituasjonen på konsernnivå.

Vårt strategiske rammeverk

Konsernet sitt overordna strategiske rammeverk er utvikla for å byggje posisjonen vår med bakgrunn i forventa marknadsutvikling og skal peike ut retninga for alle aktivitetane i verdikjeda.

Konsernet sin visjon er at vi set standarden for kvalitetslaks. Som selskap og tilsette skal vi kvar dag leve opp til verdiane våre - utvikling, truverd og arbeidsglede. Dei styrande prinsippa lønnsemd, miljø, kvalitet og folk er førande for kjerneverksemdene sine eigne forretningsstrategiar.

Produkt og marknader

Salsselskapa Salmon Brands og Sjør eksporterer produkta våre, og produkt kjøpt frå andre oppdrettarar og slakteri, til over 40 land. Alle Bremnes Seashore sine produkt er basert på laksen som råvare:

- Heil laks
- Laksefilet med og utan skinn
- Loins
- Porsjonsprodukt
- Ferdigvare-produkt (burger, røykelaks osv.)

Produkta blir selde ferske eller frosne, og går til kundar for vidaresal til horeca-marknaden eller til konsumentar, i tillegg til ulike formar for foredling. Vi sel også SALMA-produkt direkte til konsument-marknaden i nokre land.

Compliance og etisk forretningsframferd

Bremnes Seashore sitt arbeid med Compliance, inkludert etterleving av openheitslova, er forankra i konsernstyret. Konsernets compliance-arbeid og risikofaktorar blir jamleg rapportert til styret.

I samband med omorganiseringa i januar 2022 oppretta vi ei eiga Compliance-avdeling for å styrke og samordne arbeidet med risikostyring, kvalitet, internkontroll og HMS på tvers av forretningsområda i konsernet. Compliance-avdelinga består av funksjonane:

- Risikostyring
- Kvalitet produkt
- Kvalitet marknad
- QMS
- HMS

Våre grunnprinsipp.



Integritet

Tillit er noko vi gjer oss fortent til – kvar dag. Vi er opne, til å stole på og handlar med integritet og ein høg etisk standard. Vi tenker langsiktig, og unngår snarvegar for å nå måla til selskapet.



Openheit

Vi seier ifrå om vi oppdagar brot på selskapet sin etiske standard. Vi bidrar til ein open og lærande organisasjon, ved å spele inn våre forslag til forbetringar og melde frå om sikkerheitsobservasjonar og avvik.



Ansvar

Vi følger alltid lover, reglar og interne prosedyrar som gjeld for arbeidet vårt.



Medarbeidarskap

Vi viser godt medarbeidarskap ved å ta ansvar i arbeidsmiljøet og ved å ta opp etiske spørsmål i avdelinga.

Bremnes Seashore sin gjeldande **Code of Conduct**, eller etisk standard, blei vedteke av konsernstyret i 2022. Standarden er utarbeidd i samråd med Advokatfirmaet Schjødt AS, og definerer dei fire etiske grunnprinsippa *integritet, ansvar, openheit og medarbeidarskap* - som skal vere styrande for konsernets framferd.

Standarden legg i tillegg føringar for:

- Helse, miljø og sikkerheit
- Bruk av alkohol og narkotika
- Menneskerettar
- Mangfald
- Sponsortildelingar
- Samfunnsansvar
- Ytre miljø og fiskevelferd
- Korrupsjon og bestikkingar, indirekte korrupsjon og påverknadshandel
- Gåver, representasjon og kostnadsdekking
- Offentlege tenestepersonar
- Interessekonflikter
- Anti-kvitvasking
- Rettferdig konkurranse
- Eksportkontroll og sanksjonar
- Bedrageri
- Oppfølging av forretningsforbindelsar
- Personvern og vern av data
- Vern av selskapsinformasjon
- Immaterielle rettar
- Intern og ekstern kommunikasjon

FN sine rettleiande prinsipp om næringslivet og menneskerettar, OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap og regjeringa sine forventingar til norsk næringsliv ligg til grunn for vår Code of Conduct, og det same gjer internasjonalt anerkjende menneskerettsstandardar, ILO sine kjernekonvensjonar og arbeidsmiljølova. Vår Code of Conduct ligg open

tilgjengeleg på internett i norsk og engelsk versjon.

Code of Conduct legg grunnlaget for korleis tilsette og andre som representerer konsernet skal gå fram i etiske spørsmål, for leiarar sin framferd og for korleis konsernet som heilskap skal samhandle med omverda.


Eit tilpassa opplæringsprogram for alle tilsette sikrar at Code of Conduct er kjend i organisasjonen. Opplæringa er knytt til kva risikofaktorar dei ulike verksemdene og avdelingane har i si drift. Det er vidare gjennomført særleg opplæring i «kjenn din kunde» og konkurranserett med salsavdelingane, og dilemmatrening for risikoeksponerte avdelingar i konsernet. Ved

06.06.23 hadde 68 prosent av dei tilsette gjennomført obligatorisk opplæring i Code of Conduct og etisk forretningsdrift.

Vår nye HR-strategi skal underbygge det førebyggjande og kulturbyggjande arbeidet for å fremje eit inkluderande og likestilt arbeidsmiljø. Likestilling i leiarposisjonar er ein av konsernets viktigaste berekraftsmål.

Vi gjennomfører årlege interessentmøte ved alle våre anlegg. Her drøftar vi med naboar, lokale organisasjonar, sivile foreiningar og offentlege styresmakter korleis vår drift påverkar lokalsamfunna. Ordinære innspel og klager frå eksterne interessentar blir følgt opp i internkontrollsystemet.

Compliance-arbeidet framstilt i eit årshjul.



Konsernet har prosedyre for varslingsmottak, både frå tilsette og frå eksterne interessentar, og det er oppretta eit **digitalt varslingsmottak**. Revisjons- og rådgjevingsselskapet Ernst & Young AS si granskingsseining mottar varsel på konsernets vegner, gjer ei innleiande vurdering av varselet og gir tilrådingar til varslingsgruppa i Bremnes Seashore. I 2022 er det ikkje mottatt nokon varsel. Konsernet jobbar kontinuerleg med auka kjennskap til varslingskanalen og å styrke varslingskulturen.

Prinsippa i Code of Conduct blir konkretiserte i prosedyrar. Vi har innført ein eigen prosedyre for å etterleve openheitslova, som skildrar arbeidet med risikovurderingar og aktsemdsvurderingar, utarbeidinga av dette dokumentet og korleis vi går fram for å svare på førespurnader om informasjon.

Med eksport følgjer risiko for å bli eksponert for motpartar som er under internasjonale eller norske sanksjonsregime, og vi har difor innført ein prosedyre for eksportkontroll og sanksjonar.

Compliance-arbeidet er kontinuerleg. Oppdatering av internt rammeverk, opplæring av eigne tilsette i god forretningsetikk og dilemmatrening med alle leiargrupper vil vere høgt i fokus.

Oppfølging av leverandørar

Openheitslova og venta miljølovgiving frå EU (Corporate Sustainability Reporting Directive og Corporate Sustainability Due Diligence Directive) legg sterkare vekt på påverknaden leverandørar og forretningspartnarar har på omgjevnadene. Dette er ei utvikling som Bremnes Seashore er førebudd på. Vi har sett i verk prosedyre

for selskapsgjennomgang og -oppfølging for forretningspartnarar. Denne gir oversyn over korleis vi vurderer potensielle og eksisterande forretningspartnarar, for å sikre at desse har den etiske framferda som vi ønskjer.

Ein eigen **Code of Conduct for forretningsforbindelsar** gjer tydeleg ansvaret som følgjer med å gjere forretningar eller samarbeide med Bremnes Seashore. I våre standardvilkår i leverandøravtalar ligg mellom anna krav om leverandørar sine etiske plikter og krav til løns- og arbeidstilhøve og helse, miljø, og sikkerheit. I tillegg har vi krav om medverknad og innsyn i samband med våre aktsemdsvurderingar etter openheitslova.

Internkontroll og selskapsgjennomgang

Jamlege internrevisjonar og leverandørrevisjonar gir oss innsikt i kva område vi, og våre leverandørar, må arbeide vidare med. I 2022 gjennomførte vi 51 internrevisjonar i alle våre avdelingar. I tillegg tok vi imot 27 eksterne revisjonar frå styresmakter, sertifiseringsordningar og kundar. Vi har også sett i verk selskapsgjennomgang på konsernnivå.

Tverrfaglege ressursgrupper i dei ulike kjerneverksemdene i konsernet har som oppgåve å utvikle betre og meir heilskaplege prosedyrar for risikoområde i drifta vår. Ved å sikre samsvar mellom risiko, prosedyreverk og opplæring skal vi styrke oss som lærande organisasjon, der vi tar lærdom av hendingar og uheldig praksis for å bli enda betre i framtida.

Vi meiner at vårt strategiske rammeverk, våre verdiar og prinsipp, kombinert med opplæring i Code of Conduct, bidrar sterkt i det haldnings- og åtferdsskape arbeidet i konsernet – som vi ser

igjen i tilsette som tar gode val gjennom arbeidsdagen.

Samla sett har desse tiltaka styrka betydeleg den samla risikoforståinga og -styringa, og informasjonsflyten til leiinga om potensielle risikoområde. Dette arbeidet vil halde fram også i åra framover.

Samarbeid for å nå måla

Vi legg vekt på å bruke påverknadskrafta vår på leverandørar i menneskeretts-spørsmål heller enn å bryte samarbeidet, i tråd med FN sine rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar, OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap og intensjonane i openheitslova. Vi ønskjer difor å ha kontinuerleg dialog og formidle våre forventingar om forbetring til leverandørar.

For å styrke påverknadskrafta vår vil vi søke samarbeid med andre aktørar, både bransjesamarbeid i oppdrettsnæringa og samarbeid med andre interessentar på saksbasis. Dette kan vere vertikalsamarbeid i verdikjeda, samarbeid med sivilsamfunns- og arbeidstakarorganisasjonar.

Bremnes Seashore er del av oppdrettar-nettverket Salmon Group, som mellom anna samordnar innkjøp av fôr. Gjennom samla innkjøp får vi forhandla om større samla volum, noko som aukar påverknadskrafta vår i dialogen med leverandørane. Salmon Group har i tillegg innarbeidd eigne dokument med forventningar til fôrleverandørane om menneskerettar, anstendige arbeidsforhold og etisk forretningsframferd. Mellom anna skal marine råvarer til vårt fôr vere sertifisert av MSC eller Marine Trust – eller eit forbettringsprogram knytt til desse ordningane.

Aktsemdsvurderingar

– negative konsekvensar og risiko


Konsernet har etablerte prosedyrar for jamlege risikovurderingar av dei ulike delane av drifta, i tillegg til ei overordna risikoanalyse på konsernnivå. Analysane blir oppdatert årleg eller ved vesentleg endring av risikobiletet. Som del av aktsemdsvurderingane har vi gjennomført risikoanalyse for Compliance, basert på vår Code of Conduct.

Våre risikovurderingar er vurdert frå raud som høgast risiko, via gul til grøn som lågast risiko. Analysen avdekkar høgast risiko for uanstendige arbeidsforhold i underleverandørleddet, som er vurdert som svært sannsynleg og kritisk for menneske.

Noko lågare, men på raud risiko, kjem menneskerettsbrot mot eksterne interessentar og at leverandørar driv uetisk verksemd. Oppdatert Code of Conduct og Code of Conduct for forretningsforbindelsar, krav til etterleving av menneskerettar i standardvilkår og aktsemdsvurderingar av leverandørleddet er dei viktigaste førebyggjande tiltaka som er sett i verk det siste året.

I tillegg er har vi identifisert raud risiko for at konsernet blir brukt i forsøk på kvitvasking, noko vi følgjer opp i vårt kontinuerlege arbeid med motparts kontroll, prosedyreutvikling og internkontroll.

Forhold som er knytt til eiga drift har lågare risiko. Vi viser til årsrapporten med vedlegg for nærare informasjon om vårt arbeid med HMS, likestilling og inkludering.



Risikovurderingar.

Risikoanalysen for Compliance er operasjonisert for leverandørleddet ved å vurdere leverandørane våre mot:

- Link to business – kor nært vi er knytt til leverandøren
- Bransjerisiko – kva bransjar har særleg høg risiko for brot på menneskerettane
- Landrisiko – kor er det større sannsyn for brot på menneskerettane
- Alvorsgrad – kva er dei mest alvorlege brota som vi må ta tak i først
- Påverknadskraft – har vi, åleine eller saman med andre, verktøya for å bidra til endring

Link to business

Der vi kjøper varer eller tenester for større beløp hos leverandøren og der leveransane er avgjerande for vår produksjon og drift, vil vår knytning til leveransen (link to business) vere stor. Tilsvarande vil tette samarbeid med leverandøren knyte leveransane nærare oss. Vi har difor prioritert ned små, sporadiske eller kortvarige innkjøp – og innkjøp som ikkje er kritiske for vår verksemd. I tillegg har vi lagt mindre vekt på innkjøp der vi ikkje forventar å bruke leverandøren vidare.

Bransjerisiko

Etter vår kjennskap til verdikjeda i lakseproduksjon og basert på OECD sine sektorrettileiarar har vi vurdert risikoen i eiga leverandørkjede. Vi har identifisert følgjande bransjar i leverandørledda med høgare risiko (sjå figur til høgrefle).

Landrisiko

Ernst & Young har kartlagt våre transaksjonar mot sju anerkjende indeksar for menneskerettar, korrupsjon, samfunnsutvikling, miljø, likestilling og arbeidstakarrettar. Undersøkinga avdekkar landrisiko, og kontrollerer i tillegg om motpartane har selskapsrisiko for skatteunndraging og sanksjonar. Undersøkinga avdekkar risiko knytt til våre direkte motpartar. Følgjande indeksar ligg til grunn for vurderinga av landrisiko:

- Corruption Perception Index (CPI) – korrupsjon
- Anti-Money Laundering Index (AML) – kvitvasking
- Environmental Performance Index (EPI) – miljø
- Gender Inequality Index (GII) – kjønnslikestilling
- Global Gender Gap (GGG) – kjønnslikestilling
- Global Rights Index (GRI) – arbeidstakarrettar
- Human Development Index (HDI) – levekårsutvikling

Med bakgrunn i avdekkar landrisiko i kartlegginga har vi følgd opp leverandørar innan transportledda.

Bransjerisiko.



Leverandørtype	Risikobransje	Menneskerettsrisiko	Del av verdikjede
Fôrproduksjon ^{1,2,3}	Produksjon av landbruksråvarer	Barnearbeid, arbeidstakarrettar, lokalsamfunn sine ressursar, Urfolksrettar	Oppdrettsproduksjon - Seashore Land AS, Seashore Sjø AS
	Fangst av marine råvarer	Tvangsarbeid, barnearbeid, arbeidstakarrettar	
IKT-utstyr ^{4,5}	Mineralutvinning	Barnearbeid, arbeidstakarrettar, lokalsamfunn sine ressursar	Alle selskap i konsernet
Arbeidsklede ⁶	Klesproduksjon	Barnearbeid, arbeidstakarrettar	Oppdrettsproduksjon - Seashore Land AS, Seashore Sjø AS
Transport av produkt ⁷	Vegtransport	Arbeidstakarrettar	Distribusjon til utlandet – Sjør AS

¹ OECD-FAO Guidance for Responsible Agricultural Supply Chains

² Roundtable Outcome Document – Human Rights in the Salmon Farming Industry – The Rafto Foundation, The Institute for Human Rights and Business, The Danish Institute for Human Rights

³ ILO Forced Labour and Human Trafficking in Fisheries

⁴ OECD Due Diligence Guidance for Responsible Supply Chains of Minerals from Conflict-Affected and High-Risk Areas

⁵ The Danish Institute for Human Rights

⁶ OECD Due Diligence Guidance for Responsible Supply Chains in the Garment and Footwear Sector

⁷ Roundtable outcome document – Human Rights in the Salmon Farming Industry – The Rafto Foundation, The Institute for Human Rights and Business, The Danish Institute for Human Rights

Alvorsgrad

Basert på avdekka land- og bransjerisiko i leverandørleddet har vi kartlagt kva moglege menneskerettsbrot i leverandørkjeda som vil vere særleg alvorlege, og har i dei vidare vurderingane lagt vekt på risiko for brot på følgjande menneskerettar:

- **Barnearbeid** er mellom anna skildra i artikkel 32 i FNs konvensjon om barnets rettar. Barnearbeid er tett knytt til fattigdom, og der barnets inntekt har betydning for familiens økonomi. Vi er difor særleg merksame på underleverandørar som har produksjon i land med stor del fattige innbyggjarar. Vi vil arbeide med leverandørar for, om nødvendig, å finne ordningar der eventuelt arbeid ikkje går utover skulegang og barnets helse.
- **Arbeidstakarrettar** er mellom anna å finne i ILO sine kjernekonvensjonar, og er sett på spissen i klesbransjen etter bygningskollapsen i Rana Plaza i Bangladesh i 2013. Risiko for arbeidstakarrettar er knytt både til landrisiko og bransjerisiko, og brot kan vere knytt til mange ulike delar av arbeidstakarforholdet. I vår Code of Conduct krev vi at leverandørane tilbyr anstendige arbeidsforhold og eit sikkert og sunt arbeidsmiljø for sine tilsette, og set tilsvarande krav for sine underleverandørar.
- **Tvangsarbeid og moderne slaveri** er ei problemstilling som er adressert i ILO-konvensjonen om avskaffing av tvangsarbeid, ILO har identifisert svakt regulerte fiskeriaktivitetar som eit risiko-område for tvangsarbeid og moderne slaveri.
- **Lokalsamfunn** sine ressursar kan bli utfordra av industriell aktivitet. Der lokale ressursar både er viktig for samfunnet og industri- eller landbruksproduksjonen, kan lokalsamfunnet sine

interesser bli fortrent. Tilgang til reint vatn og avløp er til dømes beskytta av artikkel 11 i FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar.

- **Urfolksrettar** kan kome i konflikt med industri- eller landbruksproduksjon. FNs erklæring om urfolks rettar beskyttar retten til å eige, bruke, utvikle og kontrollere land, territorium og ressursar som dei innehar.

Påverknadskraft

Bremnes Seashore har størst høve til å bidra til endring der vi har påverknadskraft på leverandørane. Dette kan vere der vi, åleine eller saman med andre, er ein stor og langvarig kunde av leverandøren. Der vår leverandør er ein viktig kunde for sine underleverandørar, kan vi saman med vår leverandør også utgjere ein større skilnad. Vi kan gå saman med andre aktørar, anten gjennom bransjesamarbeid, samarbeid i verdikjeda eller samarbeid med arbeidstakar- eller sivilsamfunnsorganisasjonar, noko som også vil kunne auke påverknadskrafta vår.

Vi har difor prioritert å gå vidare med vurderingar av leverandørar der vi er ein betydeleg kunde for leverandøren og der vi og leverandøren har forventningar om eit langvarig samarbeid. Vi har også prioritert område der det er mogleg å gå saman med andre aktørar for å auke påverknadskrafta, då vi meiner dette vil gje størst effekt.

Tiltak og vidare oppfølging

Etter dei føregåande kartleggingane har Ernst & Young på våre vegner gjennomført integritetsundersøking av:

- to selskap innan transport
- ein leverandør av arbeidsutstyr og -klede
- to förleverandørar
- ein leverandør av IKT-utstyr

Bremnes Seashore har per i dag ikkje avdekkja faktiske brot gjennom aktsemdsvurderingane på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold. Arbeidet med aktsemdsvurderingar held fram.

Vi har avdekkja vesentleg potensiell risiko for brot knytt til förproduksjon, IKT-utstyr, arbeidsklede og transport av våre produkt. Denne risikoen er ikkje særskilt knytt til våre leverandørar, men er basert på kjend bransjerisiko.

Mellom tiltaka som er sett i verk i Bremnes Seashore for å redusere risiko:

- Vi har hatt dialog med alle potensielle förleverandørar om deira arbeid med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold
- Nye föravtalar våren 2023 stiller strenge krav til leverandørane sitt arbeid med menneskerettar, og vårt handlingsrom ved avdekkja brot eller vesentleg risiko
- Vi implementerer ein modul for systematiske aktsemdsvurderingar av leverandørar
- Menneskerettspraksis og etiske pliktar er del av alle rammeavtalar og oppdragsavtalar som blir inngått

- Vi gjennomfører stikkprøvekontrollar av leverandørar av transporttenester, i samarbeid med eit eksternt kompetansmiljø

I det vidare arbeidet vil vi avklare og redusere avdekkja risiko. Dette gjer vi gjennom oppfølging av funn i eiga verksemd og hos leverandørar av varer eller tenester der vi har avdekkja risiko. Vi vil også følgje opp funn gjennom dialog med relevante interessentar.

Vi skal føre vidare det systematiske arbeidet med risikostyring og etisk forretningsframferd i konsernet. Mellom anna skal vi det neste året gjennomgå risikovurderingane, gjennomføre nye intern- og leverandørrevisjonar, selskapsgjennomgang for eiga verksemd og oppdatere Code of Conduct. Vi vil også føre vidare arbeidet for kompetanseheving og bevisstgjerjing, mellom anna med dilemmatrening.

Konsernet skal også styrke oppfølginga av leverandørleddet sin menneskerettspraksis. Dette før vi inngår nye avtalar og med eksisterande avtalar. I dei tilfella der vi får bekrefta betydeleg risiko eller faktiske brot vil vi arbeide saman med leverandørane for å stanse og redusere påverknaden på eksterne interessentar. Dette gjer vi gjennom forpliktande handlingsplanar og tydelege forventningar til leverandørane. Vi planlegg å oppdatere aktsemdsvurderingane våren 2024 eller ved endringar i risikoforholda. Nye vurderingar vil bli dokumenterte i neste rapport, som vi offentliggjør innan 30. juni 2024.

Vi forventar gjennom det førebyggjande arbeidet å bidra til at vår drift og verdikjede har lågare risiko for menneskerettsbrot. Der vi har avdekket risiko forventar vi å avklare og redusere risiko via samarbeid med leverandørane og andre relevante interessentar. Det systematiske og kontinuerlege arbeidet med aktsemdsvurderingar gjer at vi over tid vil få stadig betre oversikt over verdikjeda vår og risikoforhold i produksjonen. Slik vil vi som lærande organisasjon ta nye steg for å bidra til at menneskerettar blir respekterte i verda og at tilsette har anstendige arbeidsforhold.

Bømlo, 22. juni 2023



Olav Svendsen
CEO



Silje Kathrine Alvsvåg
Group Compliance Manager


For Bremnes Seashore AS




Jan Sverre Røstad
styreleiar



Olav Svendsen
styremedlem




Laila Knarvik
styremedlem



Bjørn Willy Sæverud
styremedlem




Nils Viga
styremedlem




Bjørnar Michaelsen-Svendsen
styremedlem



Hans Petter Nesse
styremedlem



Jarle Jensen
styremedlem (tilsettrepresentant)




Simen Birkelund
styremedlem (tilsettrepresentant)


For Seashore Land AS, Seashore Sjø AS, Seashore Industri AS, Seashore Shipping AS, Salmon Brands AS og Sjør AS



Olav Svendsen
styreleiar



Bjarte Salomonsen
styremedlem



Bremnes Fryseri AS

Øklandsvegen 90, 5430 Bremnes

Telefon: 53 42 82 00

E-post: bremnes@seashore.no

Org. nr. 933 852 873

www.seashore.no

www.salma.no

www.sjor.no

